
Vår referanse 2020/1256-9
Dato 17.12.2020

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Avklaring om merknadspunkt - Detaljreguleringsplan for Meland kyrkjegard, Alver kommune

Vi viser til dykkar brev av 08.12. 2020 i ovanfor nemnde sak.

Kva saka gjeld

I det nemnde brevet ber de om tilbakemelding på følgjande framlegg frå administrasjonen i kommunen:

«Ny tilkomst for drift via o_SV3 vert teken ut av planen, mot at dagens tilkomst via fylkesvegen ikkje vert steng så ein slepp og flytta eller riva eksisterande garasje.

Viss fylkeskommunen ikkje godtek forslaget og krev at ny avkøyrsløse vert teken ut av planen, dagens tilkomst må stengjast og garasjen må flyttast eller rivast, ber vi om at det vert stadfesta i tilbakemeldinga.»

Bakgrunnen for henvendinga er eit meklingsmøte mellom Alver kommune og fylkeskommunen hos Fylkesmannen i Vestland den 04.12. 2020, referert i eit brev av 07.12. frå fylkesmannen:

«(...) Det står etter dette att å bli samde om alternativ tilkomst til den gamle kyrkjegarden for drift av denne, dersom eller når ein stenger tilkomsten direkte frå fylkesvegen. Fylkesmannen ber som meklar om at kommunen først ser på ein alternativ tilkomst for drift av kyrkjegarden på bakgrunn av vegløyninga etter meklinga, då denne skil seg frå planforslaget. Begge partar må kunne akseptere ei løysing for tilkomst for drift av kyrkjegarden for at Vestland fylkeskommune skal kunne trekke motsegna til denne delen av planforslaget. Vi ber derfor partane om å ha tilstrekkeleg kontakt for å finne ei slik løysing.»

På meklingsmøtet 04.12. 2020 var ikkje driftstilkomst til den gamle kyrkjegarden eit av dei temaa som vart drøfta. Men i våre tidlegare fråsegn og i tidlegare dialogmøte med kommunen har fylkeskommunen uttalt at dersom ein fjernar eller flyttar den garasjen som ligg i den nordaustre delen av kyrkjegarden, kan vi ikkje sjå at det er naudsynt med eigen driftstilkomst i den vestre delen, som vi òg har omtala som den sørvestre delen. For ordens skuld gjer vi merksam på at vi med «den sørvestre delen» i så høve har sikta både til den eksisterande plasseringa mot fylkesvegen og til ei ny plassering mot ein ny avlastningsveg. Den nye avlastningsvegen går langs kyrkjegarden frå sørvest mot nordaust, og vi har sett det slik at både omsøkt og eksisterande tilkomst ligg i den vestre, eller sørvestre, delen av kyrkjegarden.

Vidare har vi uttalt at det med omsyn til heilskapen til kyrkjegardsanlegget vil vere den beste løysinga å *ikkje* ha eigen tilkomst gjennom kyrkjegardsmuren i den vestre delen, korkje på eksisterande plassering mot fylkesvegen, eller på ei ny plassering mot ein ny avlastningsveg.

Vurdering

Planlagt avkøyring for drift gjennom kyrkjegardsmuren frå Bjørnestadvegen er knytt til vedtakspunkt 1 som Utval for kultur, idrett og regional utvikling fatta i møte 11.09. 2019, kor det vart fremja motsegn til ei omlegging av Bjørnestadvegen. Etter eit meklingsmøte i desember 2019 og ein e-post frå dykk 08.01. 2020, skreiv vi i vårt brev av 14.01. 2020 mellom anna:

*«Når det gjeld løysingar for grasarming, finn vi at det vere ei akseptabel løysing, men det føreset at den nye Bjørnestadvegen berre vert ein avlastingsveg og ikkje ein hovudveg til eigedomane innafor kyrkjegarden. Det vil i praksis seie at den eksisterande Bjørnestadvegen ikkje kan stengast anna enn i samband med gravferder, konfirmasjonar, 17. mai og liknande. Det må difor innarbeidast i føresegna korleis bruken styrast. (...)
For ikkje å redusere opplevingsverdien til det samla kulturmiljøet, er det viktig at opparbeidinga av ein avlastingsveg for Bjørnestadveg får eit mest mogeleg grønt landskapspreg.»*

Fylkeskommunen vurderer at driftstilkomst frå ny avlastingsveg vil bidra til å redusere opplevingsverdiane til det samla kulturmiljøet. Avlastingsvegen skal dessutan brukast berre ved gravferder, konfirmasjonar, 17. mai og liknande, ikkje som del av driftstilkomst. Fylkeskommunen aksepterer ikkje ein ny driftstilkomst frå den nye avlastingsvegen, og den driftstilkomsten må difor takast ut av planen.

Ei tilråding om ikkje å nytte eksisterande driftstilkomst mot fylkesvegen er knytt til sumverknad for kyrkjegarden, jf. vedtakspunkt 2 fatta av Utval for kultur, idrett og regional utvikling i møte 11.09. 2019:

«2. Hordaland fylkeskommune har ein vesentleg merknad når det gjeld avgrensinga av planområdet. For å få ein betre kulturminnefagleg vurdering av sumverknad, ber Utval for kultur, idrett og regional utvikling om at kommunen utvider planområdet, alternativt opphevar gjeldande reguleringsplan frå 1992, då denne ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til kulturmiljø av høg regional og nasjonal interesse og verdi.»

Vi er ikkje kjend med at gjeldande reguleringsplan frå 1992 er oppheva eller at planområdet for detaljreguleringa er utvida.

Fylkeskommunen vil ikkje krevje at dagens driftstilkomst stengast, men vi føreset at eksisterande driftstilkomst ikkje vert utvida eller endra. I detaljreguleringsplanen ligg det ikkje føre framlegg til utviding eller ny utforming av den eksisterande driftstilkomsten, til dømes med ekstra plass utanfor den søre kyrkjegardsmuren. Planområdet til detaljreguleringsplanen dekker heller ikkje området utanfor den søre kyrkjegardsmuren, som går inntil fylkesvegen.

Ut frå omsynet til heilskapen til kyrkjegardsanlegget meiner vi framleis at den beste løysinga vil vere å ikkje ha eigen driftstilkomst i den sørvestre / vestre delen av kyrkjegarden, altså korkje ved fylkesvegen eller ved en ny tilkomstveg, og vi *rår til* at ein legg til rette for driftstilkomst i den nordaustre delen av kyrkjegarden.

Konklusjon

Vestland fylkeskommunen aksepterer ikkje ein ny driftstilkomst gjennom kyrkjegardsmuren frå ny grasarmert avlastingsveg, Bjørnestadvegen.

Fylkeskommunen vil ikkje krevje at dagens driftstilkomst må stengast, men vi føreset at eksisterande driftstilkomst ikkje vert utvida eller endra.

Ut frå omsynet til heilskapen til kyrkjegardsanlegget vil vi tilrå at ein legg til rette for driftstilkomst i den nordaustre delen av kyrkjegarden.

Vi vonar at dette var oppklarande.

Med helsing

David J Aasen Sandved
seksjonssjef

Helene Moe
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift